



Anne Brit Nygård var klar i talen om årsakene til hjarteinfarkt og kva vi kan gjera med førebygging.

40 kvinner og ein mann møtte fram på Uskedal helselag sitt møte i går og fekk høyra doktor Anne Brit Nygård snakka om hjarteproblem. Nygård har vore fastlege på Husnes sidan 1995 og har god kunnskap om kva som kjenneteiknar eit hjarteinfarkt. Ho fortalde om årsakene og om kva vi kan gjera for å førebyggja problemet.

Møte vart skipa til som ein del av den nasjonale hjarteveka. Sjølv om legen snakka mest om kvinnehjarta, var ho innom det som er likt hos menn og kvinner. Anatomien er den same. Ein skilnad er at kvinner ofte ikkje kjenner symtoma og veit knapt at dei har hjarteproblem. Ho fortalde frå ei hending der kona var med mannen på sjukehus fordi mannen truleg hadde eit infarkt. Når alt kom til alt var det ho som hadde hjarteproblem og ikkje han.

Årsakene er eit rift i eit blodkar. Her dannar det seg åreforkalking og blodåra vert innsnevra. Det fører til ein kronisk betennesle, ein propp som hindrar blodgjennomstrøyming og dermed tilgang på surstoff.

Faktorar som forsterkar faren for hjertesjukdom er mellom anna røyking, stress, diabetes, høgt blodtrykk og genetiske grunnar. Kjønn er ein også ein faktor. I dag brukar helsetenesta gode risikovurderingar, ein kalkulator der ein svarar på bestemte spørsmål og får resultatet. Dette er grunnlaget for inndeling i tre risikosoner.

Ved symptom på hjarteinfarkt må ein ringja 113 sentralen straks. Ikkje vent. Ambulanse og lege er på plassen innan ein halvtime. Dersom hendinga er akutt, må ein nå sjukehuset innan 90 minutt, anten det er snakk om blokking eller bruk av såkalla plumbo for å løysa blodproppen.

I ettertid er det snakk om medisinerer for å førebyggja nye tilfelle.

Som sagt: Dersom du kjenner smerter i brystet, ut i venstre arm, i kjeven eller i ryggen, kontakt lege. Dersom du også er kvalm, svettar og er i dårleg form, ta kontakt for ein hjertesjekk.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal